

ÅRSMELDING FOTBALLGRUPPA 2023

Styret 2023:

Jarle Mjølhus (leiar), Ruth-Iren K.Sie (sekretær, Etne-cup, Full Fart), Jon Helge Hausken (sportsplan, Fair-play, dommaransvarleg, Kattegat-cup), Brit Dagrund Hetlelid (Facebook, materialforvaltar), Lene Skiftun (S2S,treningstider og banefordeling), Tor Magne Håland (A-lagskontakt). Maren Apeland og Ronny Mæland gjekk ut av styret. Styret har hatt seks ordinære styremøte og eitt trenar- og oppmannsmøte

Oppsummering av sesongen:

Me har hatt eitt eller to lag for både gutar og jenter i alle årsklassar frå 5 år opp til og med 13 år med unntak av 10-åringane som berre har gutelag. I ungdomsgruppa har med J14, G15, J15, G17, J17 spela vårsesongen og A-lag herrar. Laga startar å spele serie frå 9 år. Aldersgruppa 6- 8 år spelar berre på lokale cupar.

Me deltok med lag på Hundvåg Kiwi Bama cup og vår eigen cup, då både MIL og STAAL valte å avlyse sine cupar. Nokre av dei yngste laga var også på FIF-sin minicup.

5-7.klasselaga reiste til Etne-cup i juni. 5 lag, 3 jentelag og 2 gutelag reiste på Kattegat-cup i juli. Jentelaga kom til A-sluttspillet og G15 til B-sluttspillet. Begge cupane var vellukka, og det vart to kjekke turar.

Dei fleste laga har klart seg greitt med både sigrar og tap. Me har lag både på nivå 2 og 3 i dei ulike klassane.

A-laget sin tropp er på ca 20 stk. og har godt oppmøte. Det er mange på trening, godt samhald og god giv i laget. Henrik Grønvik og Marius Lokthu var trenarar ved sesongslutt. Pål Hausken er kontaktperson. Dei hamna til slutt på 5.plass. God utvikling og mange spelarar. Dei har vore med i Rogalandscupen, og har hatt ein god sesong. Det er eit godt tilbod til dei unge i kommunen.

Henrik Grønvik har hatt stilling i 30 % som trenarrettleiar og trenar for G17 og A-lag.

Aktivitetar:

Klubbdommarkurs 14.04

Jon Helge Hausken gjennomførte dommarkurs for 14 nye dommarar. Staben er på 22 stk. Me er godt nøgde med innsatsen til desse.

Treningsleir til Danmark 28.04.-01.05

A-laget reiste på treningsleir til Danmark i april. Dei var 17 stk. som reiste. Målet med turen var både å bygge relasjonar og fellesskap, samt trening.

Full fart 2023:

Me arrangerte «Full fart» frå 22-23.juni for barn i alderen 3-7.klasse. Omlag 45 barn deltok. Hovudleiar var Guro Marie Kleppa. Det vart to vellukka dagar med ulike aktivitetar for barna.

Fotballskule 14-16 august.

14-16 juni arrangerte Hjelmeland IL fotballskule. Henrik Grønvik og nokre A-lagsspelarar hadde to dagars opplegg med enkel lunsj på Hjelmeland Idrettsanlegg. 13 barn deltok. Det var gode tilbakemeldingar og god aktivitet på fotballskulen.

Dugnad på Vamp-konsert 13.juli

Ca 20 A-lagsspelarar og andre frivillige frå idrettslaget stilte på dugnad for kommunen denne kvelden.

Hjelmeland Sparebank – cup.

Hjelmeland Sparebank –cup blei avvikla 30.09. 71 lag deltok.

Me vart veldig fornøgde med cupen. Det var tett mellom kampane og gode tilbakemeldingar. Mange stilte opp på dugnad, og me var nøgde me å få gjennomført cupen på ein dag.

Dugnad Ryfest

Fotballgruppa bidrog med ca 70 dugnadsfolk.

Fest for frivillige i idrettslaget 09.09.23

Fotballstyret arrangerte fest for alle frivillige på vegne av hovudstyret. Det vart ein kjekk kveld med god mat og underhaldning 37 deltok.

Kiosk

Det har vore open kiosk på klubbhuset med jamne mellomrom heile hausten. Ein eigen kiosk-komité har stått for dette. Det har vore varierende sal og besøkstal i kiosken.